

Fem tusen Tamiflu-pakningar selde på fire dagar

LEIKANGER: Det norske reseptfriketaket på influensamedisinen Tamiflu er ein suksess. Dei fire første dagane Tamiflu var tilgjengeleg utan resept blei det selt nesten 100.000 pakningar. Helse- og omsorgsdepartementet bestemte i førre veke at den etterspurde influen-

samedisinen skulle vera tilgjengeleg utan resept som ei mellombels ordning. Første salsdagen var torsdag, og tal frå Apotekforeningen viser at vi kjøpte 95.069 Tamiflu-pakningar frå torsdag til søndag. Til samanlikning blei det frå januar til og med oktober i år selt

89.426 pakningar Tamiflu her i landet. – Utrekningar frå helsestyresmaktene tyder på at 330.000 nordmenn kan ha fått svineinfluensa. Desse tala har auka med 150.000 personar sist veke, opplyser informasjonssjef Jostein Soldal i Apotekforeningen til NPK.

Frå barnepark til bustadforemål

SOGDAL: Forvaltningsutvalet gjev Kaupanger Hovedgård mellombels dispensasjon frå kommuneplanen til omdisponering av ein barnepark til bustadforemål. I arealdelen i kommuneplan er området, der barneparken ligg, avsett til offentlege bygningar og skule. Bakgrunnen for søknaden er at barneparkhuset er utleidt til Sogndal Statlege Mottak. Tiltakshavar meiner kommunen allereie har godkjent huset som bustadhus i ei eiga meldingssak. Tiltakshavar får dispensasjon i fem år.



ENERGI FRÅ SJØEN: Sognekraft har søkt om konsesjon på eit fjernvarmeanlegg i Sogndal. Løysinga er sjøvassbasert og syter for både varme eller kjøling i dei tilknytt bygningane. Sjøvatnet blir henta i fjorden ved utløpet av Sogndalselvi.

Søkjer om konsesjon på fjernvarmeanlegg

■ ■ Sjøvassbasert løysing

■ ■ Drifta kan starta i 2011

SOGDAL: Sognekraft vil byggja og drifta eit fjernvarmeanlegg i Sogndal som skal levera 15 GWh varme og 5 GWh kjøling i året.

Planane om eit fjernvarmeanlegg har eksistert ei stund, og det er gjennomført fleire forprosjekt, mellom anna med stønad frå Enova. Sognekraft har kome fram til at ei sjøvassbasert løysing er fordelaktig både økonomisk og teknisk. Investeringskostnaden for anlegget er på 77,5 millionar kroner.

Energisentralar

– Me vurderte andre energikjelder, spesielt bio i høve til fjordvarme. Det som er spesielt med sjøvatt, er at me får kjøling også, seier direktør Terje Bakke Nævdal.

25 prosent frå dette anlegget vil vera kjøling, slik at abonnentane til dømes kan kjøla ned husa om sommaren.

Fjernvarmeanlegget hentar sjøvatt på 50 meters djupne. Eit sjøtemperert stamnett går fram til distribuerte energisentralar. Det gir god tilgang på miljøvenleg energi, tilgang på rimeleg kjøling og lite varmetap i distribusjonsnett. Energisentralane er baserte på bruk av varmepumpe med kjel som reserve- og spisslast.

– Svært enkelt forklart fungerer anlegget som ei varmepumpe, berre at det er vatn og ikkje luft, seier Bakke Nævdal.

Samla effektbehov er rekna til 12 MW med ein energileveranse på totalt 20 GWh.

–20 GWh i eit så lite område er monaleg mykje, seier direktøren.


Allereie i løpet 2011 vil dei første bygningane kunne få oppvarming og kjøling frå anlegget.

Må ha rask framdrift

– Det som hastar er å forsyna Campus-området. Det er knytt til det nye sentralbygget. Me er avhengige av rask framdrift, seier Nævdal. Sognekraft har også hatt Nedrehagen-planane i bakhovudet, men avventar kva som skjer der. Sognekraft legg uansett opp til ei stegvis utbygging.

Denne konsesjonssøknaden handlar om å få byggja og drifta anlegget, men og å få tilgang til grunnen dei treng til anlegget. NVE har gjeve søkjaren beskjed om at søknaden blir sendt på høyring.

– Me vil prøva så langt som råd å få i stand minnelege avtalar med grunneigarane, seier Bakke Nævdal.



SENTRUM: Anlegget skal dekkja sentrum og Campus-området. (Illustrasjon: Sognekraft)

Sognekraft har ifølgje ei pressemelding vore i god dialog med fleire av dei som kan ha nytte av eit slikt anlegg: Sogndal Fotball, kommunen, fylkeskommunen og Statsbygg. I tillegg kan anlegget kunne forsyna heile sentrum,

Nestangen og Granden med både fjernvarme og kjøling.

Keth Øren
keth.oren@sognavis.no